



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JANUAR 2020**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

kommune.no

Opningstider:

Måndag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

DIM-RENOVASJON: Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO: Utsikt mot Snøsvatnet v/Helge Husveg

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 30. jan. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 21.01 kl. 24.00. Skriv kort! Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: postmottak@bjerkreim.kommune.no Kan lastast ned frå www.bjerkreim.kommune.no

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Vikeså Design og Profilering

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDER!

Då er det 2020, høgtida er forbi og eit nytt år ligg føre oss. Eg håpar alle har hatt ei fredfull julefeiring med mykje god mat og gode familieopplevingar. Måtte dei av dykk som har ambisjonar om nyttårsforsett ha lukka til med dei i året som kjem.

Den 1. desember gjekk kulturdagen av stabelen. Gratulerer til dykk alle som fekk innsatsprisar i 2019, kjekt å sjå at det kvart år dukkar opp nye Norgesmeistrar iblant oss. Ein spesiell gratulasjon til Olaug H. Nevland med Kulturprisen 2019! Den er vel fortent for lang og tru bidragsyting til bygda. Du er eit førebilete for mange, Olaug.

Det var «stinn brakke» i Bjerkreimshallen då pensjonistlaget hadde førjulsmøte. God mat og underhaldning i foajéen. Kjekt å sjå at så mange tok seg tid til å vera med på samlinga. Amund Birkeland hadde stålkontroll på konferansièrrolla.

Politikarane har hatt juleavslutning etter siste kommunestyremøte. Samrøystes vedtak i økonomi- og budsjettsaka var viktig når utfordringane står i kø for å løysast. Ein stor takk til kulturskulen for underhaldninga, både små og store. Det gror godt i kultursektoren, eg trur vi vil få mange flinke artistar i tida som kjem.

Eg har fått besøkt alle barnehagane i desember, og begge skulane. Det er blide ansikt som møter meg når eg kjem rundt. Det gir verkeleg motivasjon å sjå arbeidet som blir lagt ned av dei tilsette. Spesielt når jula «står på», om det går i kakemenn, liming eller oppvask. Alle trør til. Takk for at alle bidreg til fellesskapet!

Gratulera til Vikeså Golv AS, ved eigar Einar Vikeså Kjølberg, med Bjerkreims første miljøfyrtårn-sertifisering. Miljøsatsinga kan også ytast lokalt, kjekt å sjå at lokale bedrifter satsar på sitt eige miljøavtrykk.

I romjula arrangerte Bjerkreim kommune, Bjerkreim næringsforening og Bjerkreim næringshage julelunsj for studentar. Målet var å fortelja ungdom kva arbeidsmulegheiter som finst i Bjerkreim etter utdanninga. Vi håpar vi fekk nokre til å vurdere Bjerkreim som sin framtidige arbeidsplass. Me vil ha dykk alle heim igjen!

Nå håpar eg at vi får ein flott vinter, med nysnø på fjellet, alpinsenteret i medvind, og lange søndagsturar på langrenn med kvikklunsj og appelsin i bagasjen.

Godt Nyttår!

Vennleg helsing Kjetil

TILTAKSSTØND OG STØNAD TIL ÅRLEGE ARRANGEMENT

Her kan lag og organisasjonar søkje stønad til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Søknaden må leverast før tiltaket vert gjennomført. Skjema og meir info finn de på www.bjerkreim.kommune.no/skjema Frist 10. februar! (Neste søknadsfrist er 10. september.)

POLITISKE MØTE JANUAR

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

GRUPPEMØTER:

Måndag 13.01 og
måndag 27.01 kl 19.00

FORMANNSKAP:

Tysdag 14.01 kl 17.00 og
tysdag 28.01 kl 19.00

KOMMUNESTYRE:

Tysdag 14. 01 kl. 19.00
(eigarmøte)

FELLESRÅDET FOR ELDERE OG FUNKSJONSHEMMA:

Torsdag 23.01. kl.13.00

UNGDOMSRÅD:

Torsdag 23.01 kl 16.30

LEVEKÅRSUTVALG:

Onsdag 29.01 kl 19.00

LMT-UTVALG:

Onsdag 29.01 kl 19.00



“SER DERE MEG?”

Onsdag 05.02.2020 kl. 19:00-21:30 på kommunehuset.
Skjeraberget barnehage inviterer
småbarnforeldre i Bjerkreim til foredraget
“Ser dere meg?” med Kari Pape.



UKM BJERKREIM 2020
SAMFUNNSHUSET, VIKESÅ.
6.MARS KL 18 – CA 21.30

BILDE, MUSIKK, SANG, DANS, BAND MM. KOM OG SE
OG HØR LOKALE TALENTER!

INNTIL 4 SCENEINNSLAG OG 4 KUNSTVERK GÅR VIDERE

TIL FYLKESMØNSTRING I SAUDA 20. – 22. MARS.

PÅMELDINGSFRIST 20. FEBRUAR.

INNGANG KR 50,- PR PERSON, KR 150,- PR FAMILIE.

MATSALG V/ 9.TRINN VIKESÅ SKULE I PAUSEN

HAR HESTEN DIN MISTA NOE?

Bjerkreim kommune oppfordrer alle som ferdes med hest på veien til å fjerne hestemøkka.



OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag fram til påske.
Oppstart etter nyttår er 4. januar.

Nytt: Tilbudet er gratis!

Laurdagar

(ekstra varmt vatn)

Kl. 10.00 - 11.30: Vaksne over 18 år

Kl. 11.30 - 12.15: Familiebading

(garderobe frå kl. 11.15)

Kl. 12.15 - 13.00: Familiebading

Kl. 13.00 - 13:45: Familiebading

Det heng lister i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike familiegruppene laurdag.

Har du vanskar med å koma innom?
Ring og reservér plass
på tlf. 51 45 93 27.

Hugs badehette!

Bleiebarn må bruke badebleie.

BLI BEDRE Å SVØMME, OG TRYGGERE I VANN!

Gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager.

- Kl. 16.30 – 17.30 for 1. – 3. trinn
- Kl. 17.30 – 18.30 for 4. – 7. trinn

Oppstart 2020: 6. jan.

De som ikke kan svømme, må ha følge i vannet. Dette er et svømmetilbud, ikke et tilbud om fri lek. Instruktører er til stede og veileder. Foreldre må selv ta ansvar for at sine barn oppfører seg ordentlig i garderoben.

SVØMMEKURS

NB! Det er ennå ledige plasser på svømmekurs som starter 10. januar. Gå inn på kommunen si nettside (skjema) for påmelding SNARAST!

HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd og rettleiing om du treng det. Siste torsdag i månaden (ikkje juli og des.) er vi å treffe på Coop Ekstra frå kl 10.00 – 11.00.

Marit og Torill (likepersonar)

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BJERKREIM HELSELAG BINGO

Kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova kl 13.30.


UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Ta kontakt med Ingbjörg Vassbø, tlf 51 45 22 37 mob 486 03 535.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Ingen organisert tur i januar, kun eigen trening!

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma



INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Du er velkommen til treff på Vikeså skule, onsdag 8. januar kl. 18.30-20.30.

BJERKREIMSQUIZEN

Vi feirar 5 årsjubileum onsdag 15.01. kl. 19.30. Quizmaster: Bjørn Tore Birkeland. Stor, gratis marsipankake! 4-mannslag – kr.30,- pr. person. Velkomen til nye og gamle quizarar.

GRAUTFEST/ AVSLUTNINGSFEST

Fest for ungdomsavdelingen i fotballavdelingen i idrettslaget 12. januar kl. 14 på Samfunnshuset.

JILLE FREDAG

Til deg som går i 7. klasse og oppover. Velkommen til Jille Fredag på Vikeså skule mellom kl 20.00-23.30. Det blir bl.a. spill, prating, kiosk og musikk. Oppstart 10.01.20. Sjekk ut facebooksidene vår for mer info: Jille Fredag

TAKK

Bjerkreim Brassband ønsker å rette en stor takk til Bjerkreimsmarken for pengestøtten. Pengene vil brukt til vårt neste prosjekt «Let us entertain you» som skal fremføres i Bjerkreimshallen 24., 25. og 26. april 2020.

BJERKREIM PENSJONISTLAG

Årsmøte 30. januar kl. 14.00 til 17.00 i Litlesalen på samfunnshuset.

Gamle og nye medlemmer frå Bjerkreim og nabokommunane er velkomne. Prøv gjerne å samordne transport til og frå møtet.

Det vert sett opp gratis minibuss frå sjukeheimen kl. 13.00. Program: Årsmøtesaker, foredrag av dagleg leiar i Covent, Egil Brastad Hansen. Musikk: Arnulf, Jon og Nicolas. Magna Undheim vert og med og syng for oss. Nye medlemmer kan teiknast på årsmøtet, alle over 60 er velkomne. Takk til SR-bank for sponning av husleiga.

Bjerkreim pensjonistlag "Vi over 60" takkar Bjerkreimsmarken med Sigmund Skjæveland i spissen for ein flott førjulsfest i Foajeen i Bjerkreimshallen. 98 personar møtte fram til god mat, tale, helsingar og underhaldning.

Styret i pensjonistlaget



FOREDRAG KULTURSOGA

Velkommen til foredrag på Bjerkreim omsorgssenter tirsdag 21. januar kl. 16.30! Paul Tengesdal forteller og viser bilder fra sine bøker «Bjerkreim før i tida – kultursoga fra bygda». Gratis adgang, åpent for alle.

Arr: Den kulturelle spaserstokken og Bjerkreim kulturkontor



«SAU I LITTERATUREN»

Tid: 14. januar kl. 18.00
Stad: Bjerkreim folkebibliotek
«Det finst bøker kor sauene og sauebonden blir høgt verdsett, og ikkje berre er ei kulisser eller eit symbol i forteljinga. Sauebonden som heng over sauegarden i fleire timar for å sjå på vêrlam, og heilagjetaren som står støtt med drifta si, er begge ein del av ein rotfesta tradisjon. I litteraturen finn me spor av dei begge.»
Foredrag ved Stian Ravndal frå Garborgsenteret.

BONDEKAFE

16. januar kl. 19.30 på
Vikeså Veiservice.

Ole Arnfinn Røysland har som vanlig mye interessant å komme med, blant annet tanker om den kommende grovforsesongen. Samuel fra avløserlaget forteller hvordan vi kan bruke kontoret. Pizzaservering.

STUDIERING I BONDELAGET

Det nærmer seg jordbruksoppgjøret og bondelaget sentralt vil høre hvordan vi vil prioritere oppgjøret denne gang. Flott om dere samler min. 4 naboer/kjenninger i ringer og tar kontakt med studieleder Livar Fuglestad for hefter. Dere samles min. 2 kvelder og får innsikt i hva dette dreier seg om, og krysser av deres prioriteringer. En flott måte å samles på i vintertiden. Fristen er torsdag 13. februar, da vi samles på bondekafe og blir enig om hva Bjerkreim bondelag skal sende videre til Rogaland bondelag.

BONDEPUB

Kom og vær sosial med andre yrkesbrødre/søstre på Laksebørsen 1. februar.

Styret i Bondelaget

KULTURKVELD

Tid: Torsdag 30. januar kl. 19.00
Stad: Foajeen, Idrettshallen
-Biskop Anne Lise Aadnøy snakkar om «Det gode liv».
-Annette O. Nedrebø - «Lag og foreninger i Bjerkreim».
-«Bjerkreims kulturhistorie».
-Bjerkreim Jeger og Fisk - «Fluefiske» og utstilling av laksefluer.
-Song av Tirla.
-Band frå kulturskulen.
Enkel servering ved Internasjonal kvinnegruppe og Bygdekvinnelaget.

ALLE er VELKOMNE!

Visitas av Stavanger biskop frå 28. januar til 2. februar, sjå meir program på kyrkjesida.



Bjerkreim kyrkje søndag 9. februar kl. 19.30.

THC and the 15 disciples er en gospelgruppe med musikere fra Gjesdal og Dalane. Gruppen formidler med sin sterke fremføring glede, håp og frihet. Scenen fylles med alt fra energisk og kraftfull gospelmusikk til de stille og mer sjelfulle øyeblikk. Billetter kan kjøpes på ticketco. no eller i døren. Overskudd fra konserten går til Window Of Hope (wop.no). Mer info på gruppens Facebookside.

Arr. THC and the 15 disciples

VIKESÅ YNGRES

Vikeså YngRes starter opp igjen 20. januar på Vikeså misjonshus kl. 19.00-20.15.

Går du i 5.-7. klasse?

Velkommen skal du være!

Medlemskontingent kr 100,-.

Øvrige datoer, se:

Vikeså misjonshus sin nettside,

Bjerkreimsnytt og egen plakat.

SAMLIVSSKOLEN

«Hva skaper livslange samliv?»

- forskning og erfaringer -

Foredrag ved parterapeut

Egil Rise.

Minikonsert med Anne Birgitte

L. Bøe og Dagfin Egeland,

intervju og sosialt samvær.

På Bjerkreim bedehus

23. januar kl. 19.30.

Fri entré – kollekt til pTro.

Arr: pTro og Bjerkreim bedehus

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

- 05. kl. 10.30 Søndagssamling og søndagsskole, lovsang/åpne dører fra kl 10.00
- 08. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 14. kl. 19.30 Årsmøte NLM
- 17. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 18. kl. 15.00 Misjonshusbasaren
- 19. kl. 10.30 Søndagssamling og søndagsskole, lovsang/åpne dører fra kl 10.00
- 20. kl. 09.30 Knerten
- 20. kl. 19.00 YngRes og Korvetten
- 21. kl. 19.30 Årsmøte Normisjon
- 27. kl. 09.30 Knerten

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no

8. – 12. Møteveke IMF

Talar: Tor Ingvald Lauvrak

- 8. kl. 19.30 Møte IMF
- 9. kl. 19.30 Møte IMF
- 10. kl. 19.30 Møte IMF
- 11. kl. 18.00 Lørdagskveld m/ kveldsmat
kl. 18.45 Møte IMF m/ barnesamling
- 12. kl. 11.00 Endelig søndagIMF
kl. 11.15 Søndagsskule
- 13. kl. 19.00 Gutte- og jentelag
- 15. kl. 19.30 Bildøyskveld
- 19. kl. 19.00 Årsmøte NLM
- 20. kl. 19.30 Yngres
- 21. kl. 19.30 Bibelundervisning
- 22. – 24. Barneveke**
- 22. kl. 17.00 Barnemøte
- 23. kl. 17.00 Barnemøte
- 23. kl. 19.30 Samlivskveld+konsert
- 24. kl. 18.00 Barnevekefest
- 26. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.15 Søndagsskule
- 27. kl. 19.00 Gutte- og jentelag
- 28. kl. 19.00 Årsmøte IMF
- 31. kl. 20.00 Fredagstreff – Ny tid!

BARNEVEKE

På Bjerkreim bedehus

22. – 24. januar.

22. og 23. januar barnemøte kl. 17.00.

Fredag 24. januar

barnevekefest kl. 18.00.

Song av Bjerkreim barnekor.

Gunvor Aardal held andakt på alle samlingane.

Velkommen til små og store!



VELKOMEN TIL GUDSTJENESTE

SUNDAG 5. JANUAR KL. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

SUNDAG 12. JANUAR

IKKJE gudsteneste i soknet

SUNDAG 19. JANUAR KL. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av Biblar til 6. klassetrinn

SUNDAG 26. JANUAR KL. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kapell
Utdeling av Biblar til 6. klassetrinn

DØYPTE

17.11.19 Jone Frøyland

24.11.19 Julie Hegdal Lien

01.12.19 Dina Helland

VISITAS AV STAVANGER BISKOP 28. JANUAR TIL 2. FEBRUAR 2020.

PROGRAM:

Tysdag 28. januar

Personalmøte, besøk hos Uninor, møte med skuleleiinga – kyrkje-skule samarbeidet og møte med soknerådet.

Onsdag 29. januar

Besøk i Storaffjellet barnehage, kulturskolen, møte med frivillige, besøka internasjonal kvinnegruppe på Vikeså skule og KRIK.

Torsdag 30. januar

Besøk på omsorgssenteret inkl andakt, møte med leiinga i kommunen, møte med konfirmantane og kulturkveld (Sjå eiga annonse om kulturkvelden side 4-5 i bladet).

Sundag 2. februar kl. 11.00

Visitasgudsteneste, kyrjekaffi og visitasforedrag. SångZ deltek. Det kan verta endringar i programmet! Fylg med på nettsida

Nyttårstankar

Når dette kjem deg i hende, er forhåpentligvis jula vel overstått og nyttårsfeiringa er anten i god emning eller også den vel overstått. For denne gongen. Eg vonar alle har / har hatt ei god, roleg og velsigna høgtid, fritid og samlingstid.

Om du spør nokon om kva dei forbinder med kyrkja, så er det ofte gravferd, bryllaup eller jul ein kjem fyrst på. Det fortel meg at kristentrua er knytt til dei store hendingane i livet. Både til sorg og til glede, så vel som til samhald når det elles er mørkt og kaldt.

Og det er sterke hendingar i livet og i året som bære med seg mange kjensler. Og desse kjenslene bære ein gjerne med seg til andre emne som høyrer med i same kategori, som til dømes «Bibel» og «Jesus» og «Gud». Slik er det. På godt og vondt.

I januar møter me ei preiketekst frå Joh 2, 1-11.

Den lar oss spille litt vidare på nettopp dette:

I Kana i Galilea var det eit bryllaup med masse glede og festleg lag.

Og Jesus tok del i gleda. Men det var ei krise der og. Dei blei tomme for vin.

Og vertskapet stod i fare for å miste ansikt og respekt og ære. Men Jesus ville vertskapet godt. Han hjalp til med å gjøre vatn om til vin. I store mengder til og med. Så kunne festen kunne halde fram.

I Bibelen høyre me fleire gonger at Jesus var til stades i bryllaup og ulike gjestebod. Me høyre også at Jesus mange gonger samanliknar himmelen med ein stor bryllupsfest. Dermed er me tilbake der me starta; omkring det me gjerne forbinder med kyrkja: Det er ikkje ukristeleg å nyte det som er godt i livet. Så som samhald og varme og lys i julefeiring - eller til bryllaup. Det er heller ikkje ukristeleg å sjå fram til himmelen. Gravferd er gjerne slik at ein sett si von til ein himmel over livet, at Jesus skal ta oss til seg der han er. Den store bryllupsfesten.

Det henger altså saman dette; dei store hendingane. Måtte han som kom til oss i jula, halde oss fast i trua, så me nå og alltid kan kvile i hans nåde. Inn i ukjent framtid.

Soknepresten

MØTE MED FRIVILLIGE

onsdag 29.januar kl. 17.00 – 18.20 på Misjonshuset. Biskopen ønskjer å treffa alle som har ei frivillig teneste for kyrkje og/eller bedehus. Velkommen til samlinga!

DÅPSSKULEN 2020

1.og 2. trinn på Bjerkreim skule får tilbod om dåpsskule i 2020. Me skal lære om dåpen, skapinga, nattverden mm. Det skjer på måndagar etter skuletid. Første gongen er 13. januar. Me sendar invitasjon etter kyrkja sitt medlemsregister, men alle er velkomne. Dersom du ikkje har fått invitasjon, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf.: 51201195/98. Påmelding via denne nettsida: tinyurl.com/daapsskule20

BIBLAR TIL 6. KLASSINGAR

Dei som går på 6. klassetrinn og som står i kyrkja sitt medlemsregister, vil få invitasjon i posten til å få bibel – og til å vera med på bibelvandrings-treffet «Kode B» etterpå. Utdelinga skjer i Bjerkreim kyrkje søndag 19. januar og i Ivesdal kapell søndag 26. januar. ALLE på 6. trinn er velkomne til å vera med – ta kontakt på tlf 51201195/98 dersom nokon manglar invitasjon!



VIKTIG PÅMINNING OM PRODUKSJONSTILSKOTT FOR 2019 !

Landbrukskontoret vil på ny minne dykk på at dersom ein ikkje har fylt inn beløp for avløysarrefusjon når ein leverte søknaden om produksjonstilskott innan 29.10.2019, eller ikkje hadde brukt heile tilskottet innan 29.10.19, **så kan de korrigerer søknaden på dette punktet fram til 10.01.2020.** Det same gjeld dersom de har sankt heim meir sauer frå utmarksbeite, enn det som vart gitt opp på søknaden innan 29.10.19. Etter 10.01.20 kan ikkje dette korrigerast, og eit godt tips er å **gjera endringa så raskt som mulig slik at det ikkje vert gløymt.**

Ved behandling av søknadene dykkar om produksjonstilskott, så ser me at det er svært mange som bare har søkt på halve avløysartilskottet eller mindre. Ein får ikkje utbetalt meir tilskott enn det ein har søkt om. Det er også ein del som ikkje har lagt inn sankt sauer på utmarksbeite, eller som ikkje har oppdatert tala etter kvart som dyra vert henta heim.

Reint praktisk, så går de inn på heimesidene til landbruksdirektoratet, finner "søk om produksjonstilskott i jordbruket", under elektroniske tenester nede til venstre på startsidan. Trykk på den knappen og logg dykk inn via bankid og trykk på «endre søknaden». Nå kommer heile søknaden opp, og du kan gjera endringa. Me på landbrukskontoret får så beskjed om at det er gjort endringar i søknaden din, og godkjenner den på ny.

Dersom du lurar på noko av dette, så ikkje nøl med å ta kontakt med oss på landbrukskontoret, Svein Olav tlf. 51201173/99021019, Gerd tlf. 51201170 eller Kjell tlf. 51201172 **Lykke til!**

«MJØLKESAFARI» FOR MJØLKEBØNDER!

Landbrukskontoret arrangerer ein spanande «mjølkesafari» for alle interesserte mjølkebønder **den 23.01.2020 frå kl. 09.00 – 15.00**, for å sjå på moglege løysningar for lausdrift som kan passa på din gard. Me trur at mange mjølkebønder i Dalane grublar mykje på korleis ein skal løysa det komande kravet om lausdrift for alle mjølkekyr og storfe. Skal me byggja nytt eller skal me ikkje, kan noko av dagens driftsbygning nyttas ?

Me besøker 4 mjølkebønder som har bygd om heile eller delar av fjøset til lausdrift. Me skal besøke 2 stk som har fått I-mek levert av Fjøsssystemer og 2 stk som har fått I-mek levert av Felleskjøpet.

Desse er:

Tor Erik Vikesdal (FK)

Brukt robot frå Delaval, påbygg på eksisterande fjøs, enkel føringslinje, 26 kyr.

Gaute Haugland (Fjermestad i Time kommune)

Vms frå FK. Nytt frittstående fjøs for 25 kyr, kalvar og kviger i nyfjøset og oksar i gamalt fjøs.

Magne Henry Grude

Påbygg til eksisterande fjøs, 28 kyr, Lely robot frå Fjøsssystemer, føring med fullförmiksar og manuell føring, skraprobot Collector.

Bjørn Kåre Grude (Helleland)

Påbygg til 40 kyr, Lely robot frå Fjøsssystemer, fullförmiksar med förutlegger, skraprobot.

Representantar frå Fjøsssystemer og Felleskjøpet er med på «sine» fjøs og forklarar kvifor dei ulike vala er gjort. Me fokuserer ein del på føring og utgjødsling under fjøsbesøka. I tillegg fokuserer me på løysning for beitedrift. Påmelding til landbrukskontoret i Bjerkreim (både mann og kone), snarast og innan 10.01.2020.

I etterkant av fjøsbesøka arrangerer me ein oppfølgingsdag **den 28.01.20 på Kommunehuset, 10.00 - 14.30** der me fokuserer på:

- **Torfinn Nærland frå Tine rådgjeving:** Kva er kostnadsdrivarar i byggeprosessen, isolert/uisolert fjøs, takløysning, skrapar/flyterenner/kanalomrøring/direkte nedslepp, gjødelskjeller under bygget eller ikkje ?
- **Jostein Røysland frå Bjerkreim Rekneskapskontor:** Kva investeringskostnad kan eit mjølkebruk med 150 tonn i kvote tåle ?
- **Olav Tegle frå Innovasjon Norge:** Kva tilskott er mogleg å oppnå på investeringane ? Kva kreves av ein søknad om støtte? Er grensa for prioritering akkurat 30 kyr ?
- **Peder Skåre frå Landkreditt bank:** Finansiering av bygg, byggjeleing, kontraktar, korleis minske risiko for overskridelser.
- **Arnstein Bendiksen frå Gjensidige forsikring:** Gjeldsforsikring, husdyrforsikring, avbruddsforsikring m.m.

Det er høve til å avtala individuelle samtalar med Innovasjon Norge både før og etter møtet.

INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA



*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

Ope kvardagar
08 - 16

www.bjerkreimlegekontor.no



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL EN
NYOPPUSSET, MODERNE
KLINIKK PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Tlf. 95141920

*Husk tannlege time for hunden og katten din!
Dyrene kan ikke gi beskjed
om tannverk.*



*Dyrlege Marit Brevik
har spesialkompetanse
på tannsykdommer*

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 22.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!